

Vandalar har tagga ned skulen i helga!

05.07.2010



Klar melding på skuleveggen.

Vandalar har tagga ned og grisa til skulen i Uskedaleni helga!

Dette var den sjokkerande melding rektor Vidar Haugland kom med no i morgontimane.



Her har vandalane truleg kome seg inn


Deler av skulen, både inne og ute, er eit rystande syn etter det som har gått føre seg - særleg med hjelp av måling og spray. Haugland trur at ei elevgruppe på mellom 10 og 13 år må stå bak "verket".



Golvet i kjøkenet er grisa til med ketsjup og vaskemiddel.

Han har meldt det som har skjedd til politiet, men seier til uskedalen.no at det beste er at dei skuldige, eventuelt med hjelp av foreldre, kan stilla, rydda og få bort tagginga. Difor ber han om at dei som måtta ha kunnskap om

kven som står bak, tar kontakt med han så snart som mogeleg. Då kan dei eventuelt sleppa å gå den lange vegen om politi og etterforsking.



Målerommet ser ikkje ut

Haugland antar at vandalane har teke seg inn i skulen gjennom ein ope vindauge i sløydrommet. Der har dei funne måling og spray og grisa til i målerommet og sløydrommet. Dei har så lagt vegen innom kjøkenet og grisa til med vaskemiddel og ketsjup før dei har gått ut – gjennom korridorane eller same vegen som dei kom inn. Utvendig har dei tagga ned så å seie heile veggjen til klasseromsfløyen. Fleire ord og setningar er skreve på veggjen, også namn. Det var kommunens folk i arbeid med kloakkanlegget som oppdaga vandalismen i morgontimane og ga beskjed til skule-leiinga.

-Eg har aldri opplevd maken, seier ein rysta rektor.

Han kan ikkje førebels sjå at noko er stole, bortsett frå at vandalane har forsynt seg med is i kjøkenet!

Tekst og foto: Ola Matti Mathisen